



27.01.2017

## Aukra sokneråd

Skogvegen 1  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540

### Referat frå møte i Aukra sokneråd

Møtedato: 26.01.2017  
Møtetid: kl. 20:10  
Møtestad: Kyrkjelydshuset

#### Tilstade:

Inger Kristine Kjellnes, Svein Løwe, Ingunn Hjelmås, Mette Myrseth Oterhals, Gro Merete Hoksnes, Jan Magne Breivik, Oddmund Arne Varhaugvik, Audhild Mork, Kristian Finn Risung.

#### Meldt forfall:

Inga Sølvi Korsvik Melby.

### Referat

#### Sak 001/17 Diakoni og Plan for Diakoni

Inghild Lynge orienterte om arbeidet som diakoniarbeidar og gjekk gjennom diakoniplana og årshjulet for diakonien og diakoniutvalet i soknerådet. For at soknerådet skulle ha tid til å lese gjennom plana før den vart vedteke på nytt etter orienteringa, blir vedtak i saka utsett til møtet i februar.

#### Sak 002/17 Revidert budsjett 2017

Aukra kyrkjelege fellesråd/Sokneråd godkjenner budsjettet for 2017 med følgjande endringar:

I rame 044 blir det følgjande endringar:

31200 blir redusert til kr. 10 000  
32000 blir redusert til kr. 0  
32300 blir redusert til kr. 5000  
32500 blir redusert til kr. 5000

I rame 042 blir det følgjande endringar:

32000 blir auka med kr 25000  
32500 blir auka med kr 5000'

Det blir og initiert givarteneste til trusopplæring i Aukra sokn

#### Sak 003/17 Bjorlitur

Kostnaden for opphald på Bjorliheimen for aldersgruppa 12 til 18 blir sett til kr. 800. Soknerådet betalar mellomlegget for turen for denne aldersgruppa, kr 340 per person.

#### Sak 004/17 Kirkemøtets vedtak om likekjønna vigsel

Aukra kyrkjelege fellesråd gjev sine tilsette fridom til å velje om dei ønskjer å medverke i vigsling av likekjønna i Aukra sokn.

For Aukra sokneråd  
Beate Hostad Aukan